

## **Programområde for blomsterdekoratør - Læreplan i felles programfag Vg2**

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 11. januar 2007 etter delegasjon i brev 26. september 2005 frå Utdannings- og forskingsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2007

Gjeld til 31.07.2018



## Føremål

Blomsterdekoratørfaget byggjer på ei tusenårig historie. Programfaga fører vidare gamle teknikkar i nye uttrykk. Opplæringa skal medverke til å dekkje behovet for produkt som kan skape vakker og stemningsfull design i kvardagen og ei verdig, stiltilpassa og personleg ramme for store hendingar i livet.

Opplæringa skal medverke til å utvikle kompetanse for å planleggje og framstille aktuelle faglege produkt med harmonisk heilskap, tilpassa til formål, sesong og kunden sine behov. Opplæringa skal medverke til å skape respekt for eige fag og forståing for estetiske og etiske problemstillingar knytte til ulike kulturar og tradisjonar i lokalt, nasjonalt og internasjonalt perspektiv. For å medverke til berekraftig utvikling skal opplæringa fremje forståing av marknadsmekanismar, ressursforvaltning og helse, miljø og tryggleik.

Opplæringa i faget skal leggje vekt på grunnleggjande praktisk arbeid med materiale og teknikkar. Opplæringa skal medverke til å utvikle handverksmessige kunnskapar og ferdigheiter, teoretisk forståing og evne til kritisk refleksjon. Vurdering av eige arbeid inngår.

## Struktur

Programområde for blomsterdekoratør består av to programfag. Programfaga utfyller kvarandre og må sjåast i samanheng.

### Oversikt over programfaga:

Årssteg	Programfag	
Vg2	Produksjon	Produktutvikling

## Omtale av programfaga

### Produksjon

Programfaget handlar om framstilling av blomsterprodukt og tenester ved å bruke aktuelle uttrykk og teknikkar. Dette inneber planlegging og gjennomføring av praktisk produksjon i blomsterdekoratørfaget. Utvikling av handverksferdigheiter og teknikkar og bruk av reiskapar i arbeid med botanisk materiale er sentralt. Kreativitet, nytenking og medvit om estetiske normer inngår i utforming av design og i val av arbeidsmetodar. Forholdet mellom form, farge og eigenskapar ved materiala inngår i programfaget. I programfaget inngår også rutinar for helse, miljø og tryggleik knytte til arbeidet med blomster.

### Produktutvikling

Programfaget handlar om planlegging og utvikling av produkt og tenester i blomsterdekoratørfaget. Dokumentasjon, presentasjon, kvalitetssikring og vurdering av eigne blomsterprodukt og eigen arbeidsprosess inngår. Kvalitetssikring inneber kommunikasjon om og presentasjon av eigne produkt. Forholdet mellom marknad, økonomi og produksjon er element i faget. Programfaget handlar også om etiske problemstillingar og gjeldande regelverk for helse, miljø og tryggleik. Bruk av digitale verktøy inngår i programfaget.

## Timetal

Timetal er oppgitt i einingar på 60 minutt.

Vg2

Produksjon 337 årstimar

Produktutvikling 140 årstimar

## Grunnleggjande ferdigheiter

Grunnleggjande ferdigheiter er integrerte i kompetansemåla der dei medverkar til å utvikle fagkompetansen og er ein del av han. I blomsterdekoratørfaget forstår ein grunnleggjande ferdigheiter slik:

*Å kunne uttrykkje seg munnleg og skriftleg* i blomsterdekoratørfaget inneber å uttrykkje seg visuelt og verbalt om design, komposisjon, arbeidsprosessar, produkt og tenester. Det inneber å bruke fagterminologi i kommunikasjon med kundar, kollegaer og leverandørar og å delta i faglege diskusjonar.

*Å kunne lese* i blomsterdekoratørfaget inneber å tolke skriftleg og visuelt språk. Det inneber å forstå og bruke arbeidsteikningar med teikn og symbol. Det inneber vidare å forstå og reflektere over aktuell faglitteratur.

*Å kunne rekne* i blomsterdekoratørfaget inneber å kalkulere kostnader for varer og tenester og forstå proporsjonar og geometriske to- og tredimensjonale grunnformer.

*Å kunne bruke digitale verktøy* i blomsterdekoratørfaget inneber å hente inn informasjon og eksperimentere med form, farge og komposisjon. Vidare inneber det å utvikle faglege produkt og tenester og dokumentere eige arbeid og eigen kompetanse.

## Kompetansemål

### Produksjon

*Mål for opplæringa er at eleven skal kunne*

- planleggje, gjennomføre og vurdere eige grunnleggjande arbeid med ulike råvarer
- analysere person, rom, underlag og føremål på bakgrunn av samanheng og stilhistorie, og grunngi val av fagleg arbeid
- eksperimentere med levande materiale og stilar, uttrykk, teknikkar og reiskapar
- lage faglege produkt i ulike stilar, uttrykk og teknikkar relaterte til ulike kulturar
- vurdere og analysere ulike faglege produkt i lys av stilhistoria, tradisjonane og historia til handverket

- bruke materiale på økonomisk måte
- analysere botaniske materiale og deira eigenskapar som grunnlag for å lage faglege produkt i ulike stilar og uttrykk
- bruke verktøy, materiale og teknikkar på føremålstenleg og forsvarleg måte
- utføre arbeidsprosessar i samsvar med etiske og estetiske normer i faget
- dokumentere, grunngi og vurdere eigen produksjon, knytt til kriteria for kvalitet, ønske frå kunden, helse, miljø og tryggleik, tid og økonomi

## Produktutvikling

*Mål for opplæringa er at eleven skal kunne*

- konkretisere og grunngi idé, design og arbeidsprosess i eige arbeid med blomster, som grunnlag for kommunikasjon med kundar og kollegaer
- lage og bruke arbeidsteikningar, skisser og annan visuell informasjon
- gjere greie for lokale og vitskaplege namn på botanisk materiale
- forklare varebehandling og gi relevant informasjon om plantar, blomster og produkt
- gjere greie for symbolfunksjon og historie til ulike botaniske materiale i blomsterdekoratørfaget
- kvalitetssikre bruk og oppbevaring av blomster og andre råvarer i eigen produksjon
- berekne innkjøp av blomster og råvarer og kalkulere pris på produkt og tenester
- diskutere og ta stilling til estetiske og etiske normer i blomsterdekoratørfaget
- definere kriterium for kvalitet og vurdere kvaliteten av eige arbeid
- presentere og dokumentere produksjonsprosess og produkt, visuelt og verbalt og ved hjelp av digitale verktøy
- finne fram til og vurdere aktuelle produkt, teknikkar, uttrykk og trendar i marknaden

## Vurdering

### Vg2 Blomsterdekoratør

Føresegner for sluttvurdering:

#### **Standpunktvurdering**

<b>Programfag</b>	<b>Ordning</b>
-------------------	----------------

Produksjon	Eleven skal ha ein standpunktkarakter i kvart av programfaga.
Produktutvikling	

***Eksamen for elever***

<b>Programfag</b>	<b>Ordning</b>
Produksjon	Eleven skal opp til ein tverrfagleg praktisk eksamen der dei felles programfaga inngår.
Produktutvikling	Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

***Eksamen for privatistar***

<b>Programfag</b>	<b>Ordning</b>
Produksjon	Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i kvart av programfaga. I tillegg skal privatisten opp til ein tverrfagleg praktisk eksamen der dei felles programfaga inngår.
Produktutvikling	Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Dei generelle føresegnene om vurdering er fastsette i forskrift til opplæringslova.